



Notat

Dato: 20.02.2017
Arkivsak: 2017/1604-1
Saksbehandlar: sigsvar

Til: Utval for opplæring og helse

Frå: Fylkesrådmannen

Tilgang til digitale hjelpemiddel på skriftleg privatisteksamen

Frå og med våren 2017 vil privatistar i Hordaland få tilgang til dei same digitale hjelpemiddel som elevar på skriftleg eksamen.

Bakgrunn for saka

Eksamenskontoret arrangerer kvart semester om lag 9000 eksamenar for 4500 privatistar. Om lag 60 % av desse eksamenane er skriftelege. Sidan 2008 har eksamenskontoret lagt til rette for at privatistar som ønskjer det, skal kunne bruke pc på skriftleg eksamen. Talet på pc-brukarar har sidan den gong hatt ein jamn auke. I nokre fag, som til dømes norsk hovudmål, nyttar nesten alle kandidatar pc på eksamen. Frå og med våren 2015 er det obligatorisk å bruke pc på del to på eksamenar i matematikk.

På skriftleg eksamen er hovudregelen at alle hjelpemiddel er tillatne utanom internett og kommunikasjon. Våren 2015 gjorde Utdanningsdirektoratet ei presisering av regelverket som opna for at skulane sjølv kunne velje å bruke nettbaserte førebuingssdelar, oppslagsverk og ordbøker også under eksamen. Vilkåret for dette var at skulane måtte vere i stand til å isolere dei aktuelle IP-adressene.

Å opne for nokre nettbaserte hjelpemiddel, og samstundes sikre at kandidatane ikkje har generell tilgang til internett og kommunikasjon, er krevjande. Våren 2015 valde difor opplæringsavdelinga ikkje å opne for nettbaserte hjelpemiddel på eksamen verken for elevar eller privatistar. Våren 2016 valde opplæringsavdelinga ut sju kvalitetssikra nettadresser som var tilgjengelege for elevane på eksamen.

Fylkeskommunen bruker ei anna teknisk løysing på eksamen for privatistar enn for elevar. Våren 2016 vurderte eksamenskontoret at det ikkje var forsvarleg å opne for at privatistar fekk tilgang til dei same nettadressene som elevar. Ein slik praksis var i tråd med det regelverket Utdanningsdirektoratet formulerte i 2015.

Utdanningsdirektoratet sende i januar i år ut ei presisering av ansvar for nettbaserte hjelpemiddel til eksamen. Der heiter det at det frå våren 2017 er obligatorisk for skuleeigar å leggje til rette for nettbaserte hjelpemiddel under sentralt gitt skuleeksamen for vidaregående opplæring. Skuleeigar skal også sikre at alle elevar og privatistar får tilgang til dei same nettbaserte hjelpemiddel. Med denne presiseringa har ikkje skuleeigar lenger moglegheit til å delegera svaret for å velje relevante nettbaserte hjelpemiddel til skulane.

Etter den nye presiseringa vil eksamenskontoret gå i samarbeid med leverandøren av den tekniske løysinga for privatisteksamen for å sikre at privatistar i Hordaland får tilgang til dei same adressene på eksamen som elevane får.

Utdanningsdirektoratet har ikkje utarbeidd liste over kva hjelphemiddel skuleeigar skal eller bør tilby. Dette fører til at det er skilnader i kva hjelphemiddel som er tilgjengelege for kandidatar i ulike fylke.